



Innkalling  
av  
Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)

**Møtedato:** 25.04.2022

**Møtestad:** Heradsstyresalen

**Møtetid:** 19:30 - 20:30

Eventuelle forfall må meldast til leiar for nemnd

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
004/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
005/22	Godkjenning av møtebok
006/22	Val av representanter til styret - Hamre Kyrkjested 1000 år

19. april 2022

Turid Bjørndal Njåstad  
Leiar for nemnda

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/22	Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)	PS	25.04.2022

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/1223

## Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### Saksopplysningar:

Innkalling med saksliste er send ut.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/22	Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)	PS	25.04.2022

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/1223

## Godkjenning av møtebok

### Vedlegg:

Protokoll - Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd) - 10.01.2022

Møteprotokoll frå vert godkjend.

### Saksopplysningar:

Møteprotokoll er send ut til godkjenning.

**Møteprotokoll  
for  
Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)**

**Møtedato:** 10.01.2022  
**Møtestad:** Digitalt møte  
**Møtetid:** 19:30 - 20:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Jarle Skeidsvoll	KRF	Nestleiar
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Utvalsleiar

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Kjersti Ingolvsdotter Vevatne	V	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Tone Mjelde	SV	Medlem
Trude Tomren	MDG	Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte: ingen**

---

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/22	Godkjenning av møtebok
003/22	Eldrerådet - suppleringsval

## **001/22: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

---

### **10.01.2022 ARBEIDSUTVAL FOR INNSTILLING I VALSAKER (VALNEMND)**

Det var ingen merknader til innkalling og saksliste

#### **VN - 001/22 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

---

## **002/22: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Møteprotokoll frå 24.08.2021 vert godkjend.**

---

### **10.01.2022 ARBEIDSUTVAL FOR INNSTILLING I VALSAKER (VALNEMND)**

Det var ingen merknader til møtebok

#### **VN - 002/22 VEDTAK:**

**Møteprotokoll frå 24.08.2021 vert godkjend.**

---

## **003/22: Eldrerådet - suppleringsval**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen gir ikkje framlegg til vedtak i valsaker**

---

### **10.01.2022 ARBEIDSUTVAL FOR INNSTILLING I VALSAKER (VALNEMND)**

Turid B. Njåstad, SP, gjorde slikt framlegg:

"Innstilling til heradsstyret:

1.vara Esther Halland rykker opp som fast medlem av eldrerådet.

Vidare vert varalista til eldrerådet slik:

1. vara Ole Johan Faugstad
2. vara Berta Vevle
3. vara Jorunn Holsen (NY)"

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**VN - 003/22 VEDTAK:**

Innstilling til heradsstyret:

- 1.vara Esther Halland rykker opp som fast medlem av eldrerådet.

Vidare vert varalista til eldrerådet slik:

1. vara Ole Johan Faugstad
  2. vara Berta Vevle
  3. vara Jorunn Holsen (NY)
- 

Til å skriva under møteprotokollen saman med leiar for utvalet vart desse valde: Jarle Skeidsvoll og Berit M. Borge

Lonevåg, 10.01.2022

## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/22	Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)	PS	25.04.2022
	Heradsstyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/802

### Val av representanter til styret - Hamre Kyrkjested 1000 år

#### Vedlegg:

vedtekter\_Hamre kyrkjested

Invitasjon Osterøy

Hamre kyrkjested - 1000 år

Rådmannen gir ikkje framlegg til vedtak i valsaker

#### Saksopplysningar:

##### Saksopplysningar:

Heradsstyret gjorde den 06.04.2022 slikt vedtak jf. HS 037/22:

«Osterøy bibliotek takkar nei til invitasjon til medlemsskap i Hamre kyrkjested – 1000 år.

Osterøy kommune takkar ja til invitasjon til medlemsskap i Hamre kyrkjested – 1000 år.

Heradsstyret vel 2 representantar + ein vararepresentant til styret.

Medlemskontingenten på kr 150.000,- for 3 år (kr 50.000,- pr år) vert dekka frå ramme for sektor for Oppvekst, Undervisning og Kultur.»

#### Bakgrunn

Saka slik den vart lagt fram for heradsstyret ligg vedlagt.


#### Vurdering

Jf. Vedtak 037/22 må det oppnemnast 2 medlemmer og eit varamedlem til styret.

Det føreligger ingen krav til kvalifikasjonar for medlemmene.

#### Konklusjon

Saka vert lagt fram for valnemnd for oppnemning av representantar og innstilling til heradsstyret



HAMREKYRKJESTAD

1000 år

## VEDTEKTER

### §1 Namn

Organisasjonens namn er *Hamre kyrkjested – 1000 år*. Årstalet 2024 kan nyttast saman med organisasjonens namn når dette synes føremålstenleg.

### § 2 Føremål

Organisasjonens føremål er å markere kyrkja og kristenrettens kome lokalt, med hovudvekt på Hamre kyrkjested – 1000 år.

### § 3 Organisasjonsform

Organisasjonen er ein prosjektorganisasjon.

Organisasjonen er ein frittståande juridisk person med medlemmar, og er sjølveigande. Ingen, korkje medlemmar eller andre, har krav på organisasjonens formue eller eidegar, eller er ansvarlig for gjeld eller andre forpliktingar.

### § 4 Medlem

Som medlem kan organisasjonar som vil jobbe for organisasjonens føremål (§2), og betaler medlemskontingent takast opp som medlem. Medlemskontingent er satt til 50.000,-/år.

### § 5 Samarbeidspartnar

Som samarbeidspartnar kan organisasjonar som vil jobbe for organisasjonens føremål (§2) og yter minimum 50.000,- utanfor offentlege støtteordningar, eller kan stille ressursar til rådvelde (frivillige, kompetanse, kontor, arbeidskraft, etc.) takast opp som samarbeidspartnar.

### § 6 Generalforsamling

Generalforsamlinga er organisasjonens høgaste organ.

Alle medlemar og samarbeidspartnarar har éi røyst.

Ved røystelikskap tel møteleiars røyst dobbelt.

Generalforsamlinga handsamer og fastsett

- årsmelding
- budsjett/rekneskap
- innkomne forslag
- vedtektsendringar

Kvart medlem og kvar samarbeidspartnar kan sende


Generalforsamlinga vert kalla inn med 14 dagars varsel. Generalforsamling holdast innan utgongen av mars.

### § 7 Styret

Styret leier organisasjonen mellom generalforsamlingane.

Styrets skal ha si merksemd vendt mot å

- tilsette prosjektleiar



HAMREKYRKJESTAD

1000 år

- skaffe til veie driftsmidlar
- sikre framdrift i prosjektet

Kvar medlem oppnemner to representantar og ein vararepresentant til styret.

Saker vert avgjort med alminneleg fleirtal. Styret er vedtaksförd når minst halvparten av styrets representantar er tilstades. Styret konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar.

Kvar samarbeidspartnarar kan sende ein representant med tale- og framleggsrett.

Kvar komité eller undergruppering oppnemnt av styret kan sende ein representant med tale- og framleggsrett.

Prosjektleiar møter med tale- og framleggsrett.

#### **§ 8 Signaturrett**

Styrets leiar og nestleiar er i fellesskap tildelt signaturrett.

Prosjektleiar er tildelt prokura.


#### **§ 9 Vedtektsendring**

Vedtekta kan av generalforsamlinga endrast ved 2/3 fleirtal. §§2 og 10 kan ikkje endrast.

#### **§ 10 Oppløysing**

Organisasjonen kan tidlegast oppløysast 1. oktober 2024.

Generalforsamlinga fastsett kven nettoformuen skal tilfalle. Organisasjonens eigedeler skal etter oppløysing tilfalle ein eller fleire ideell(e) organisasjon(ar) som fremjer utvikling av kyrkjeverksemda lokalt, med hovudvekt på Hamre kyrkjested.



HAMREKYRKJESTAD

1000 år

## Osterøy kommune

Postboks 1

5293 Lonevåg

post@osteroy.kommune.no

Hamre, 2. mars 2022

## INVITASJON TIL MEDLEMSKAP OG DELTAKING

Organisasjonen «*Hamre kyrkjested – 1000 år*» vart skipa til 26. oktober 2021. Stiftinga er eit resultat og ei formalisering av fleire uformelle samtalar, møter og initiativ i perioden 2018-2020 mellom ulike aktørar som t.d. Osterøy kyrkjeleg fellesråd, Hamre sokneråd, Osterøy kommune, Bjørgvin bispedømeråd, med fleire. Under pandemien har arbeidet stoppa opp før organisasjonen vart skipa. Organisasjonens føremål er å markere kyrkja og kristenrettens kome lokalt, med hovudvekt på Hamre kyrkjested - 1000 år.

Kristenrettens innføring på Moster i 1024 har lagt særslig store premiss for det samfunnet Noreg har utvikla seg til å verte dei siste 1000 åra. Det vil vere nasjonalt jubileum på Moster i 2024. Av dei historiske kjeldene veit me at Hamre som kyrkjested allereie er omtala av Snorre, at Olav den Heilage segla forbi på veg til Moster, at han i 1022 peika ut Hamre som kyrkjested og at det har vore kyrkje på Hamre sidan 1024 – kanskje òg før.

Ut i frå samtalane og møta som tidlegare har funne stad har ein sett føre seg ei jubileumsveke i mai/juni, involvering av kyrkje, skule, kommune, historieinteresserte, bygdefolk, lag og organisasjoner. Det har og vore peika på trangen for å tilsette ein prosjektleiar til å leie prosjektet, og det har vore føreslege at stillingsstørleiken kan settast til 20%.

For at alle (friviljuge) lag og organisasjoner skal kunne vere deltagande utan omsyn til økonomi opererer ein her med to kategoriar tilknyting; *medlem* og *samarbeidspartner*. For å sikre tilstrekkeleg finansiering av ein prosjektleiarstilling, samt ein viss føreseieleg finansiering av prosjektet elles er organisasjonen avhengig av nok at offentlege institusjonar er viljuge til å teikna medlemsskap for perioden 2022-2024. Osterøy kyrkjeleg fellesråd og Hamre sokneråd har allereie teikna seg som medlemar. Medlemskontingenten er fastsett til 50.000,-/år. Med denne invitasjonen vonar me at Osterøy kommune, Vestland fylkeskommune og Bjørgvin bispedømeråd vil teikne seg som medlemar. Det vert òg søkt om prosjektmidlar frå andre kjelder.



HAMREKYRKJESTAD

1000 år

For at ein skal få inntrykk av kva prosjektet kan kome til å innehalde (avhengig av finansiering/prosjektleiar):

- Historieformidling; podkast, film og bok
- Barnas kyrkjefest
- Seilas frå Moster til Hamre
- Engasjering av elevar med oppgåver
- Vikinggudsteneste // annan historisk gudsteneste
- Lage digital framsyning av kyrkja
- Konsertar, utstillingar, foredrag...

Innvolering; medlem/samarbeidspartnar sokjast frå mellom anna desse:


- Osterøy museum
- Biblioteket
- Reiselivslaget
- Grendarådet
- Berekraftsprosjektet
- Osterøy sogelag
- Næringsliv elles
- Den katolske kyrkja (som var eigar/brukar av kyrkjestaden fram til reformasjonen)
- Universitetet i Bergen
- Bjørgvin bispedømeråd
- Vestland fylkeskommune
- Kystpilgrimsleia, Kystsogevekene og Fjordstream.
- Skodespel
- Osterøy kommune, Hamre sokneråd og Osterøy kyrkjeleg fellesråd (som til no har vore engasjert i planlegginga i det føregåande arbeidet som har ført til tilskipinga av denne organisasjonen).

Heile området med kyrkje, kyrkjeveg, prestegard med tilhøyrande naust, klokkargard, borgstove, park og kaianlegg utgjer eit kulturhistorisk område ein vil nytte seg av.

Prosjektet vil såleis ha det kulturhistoriske og praktisk/tekniske, og ikkje det religiøse, som sitt arbeidsdomene. Effektane av prosjektet vil vere auke kunnskap, innvolering, samarbeid på tvers (private/offentlege/privatpersonar/organisasjonar/grupperingar/alder/osb.) og dimed knyte nye relasjonar til eit vidare friviljug arbeid. Ein reknar elles med eit stort friviljug engasjement og stor innvolering knytt til markeringa.

Interimstyret vil fungere fram til fyrste generalforsamling er halde. Fyrste generalforsamling vert halde våren 2022, og ein vil få invitasjon til dette når dato er fastsett.

Ved å teikne medlemskap vil organisasjonen jfr. vedtektena få to representantar i styret i Hamre kyrkjestad – 1000 år. Me oppmodar dykk på det sterkeste til å teikna medlemsskap og oppnemne to representantar og ein vararepresentant til styret.



**HAMREKYRKJESTAD**  
1000 år

**Me ber om ei tilbakemelding på vår førespurnad innan 5. april 2022.**

**Roar Moen**

*interimstyrets leiar*

post@roarmoen.no // 957 95 324

Vedlegg:

*Vedtekter*

## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/22	Eldrerådet	PS	30.03.2022
035/22	Formannskapet	PS	23.03.2022
037/22	Herradsstyret	PS	06.04.2022
011/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	30.03.2022

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linda Judith Svidal Nordås	22/802

### Hamre kyrkjested - 1000 år

#### Vedlegg:

Invitasjon Osterøy

vedtekter\_Hamre kyrkjested

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Osterøy bibliotek takkar nei til invitasjon til medlemsskap i Hamre kyrkjested – 1000 år.

Osterøy kommune takkar ja til invitasjon til medlemsskap i Hamre kyrkjested – 1000 år.

Herradsstyret vel 2 representantar + ein vararepresentant til styret.

Medlemskontingenenten på kr 150.000,- for 3 år (kr 50.000,- pr år) vert dekka frå ramme for sektor for Oppvekst, Undervisning og Kultur.

### Formannskapet - 035/22

#### FS - behandling:

#### AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

#### FS - vedtak:

Osterøy bibliotek takkar nei til invitasjon til medlemsskap i Hamre kyrkjested – 1000 år.

Osterøy kommune takkar ja til invitasjon til medlemsskap i Hamre kyrkjested – 1000 år.

Herradsstyret vel 2 representantar + ein vararepresentant til styret.

Medlemskontingenenten på kr 150.000,- for 3 år (kr 50.000,- pr år) vert dekka frå ramme for sektor for Oppvekst, Undervisning og Kultur.

### Eldrerådet - 011/22

#### ELD - behandling:

Leiar for rådet gjorde slikt framlegg:

"Rådet vil rá til at arrangementet har ein universell utforming slik at flest mogleg kan delteke.

Rådet vil rá til at ein undersøkjer korleis det er med tilkomst med båt til kaia på Hamre."

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**ELD - vedtak:**

Rådet vil rá til at arrangementet har ein universell utforming slik at flest mogleg kan delteke.

Rådet vil rá til at ein undersøkjer korleis det er med tilkomst med båt til kaia på Hamre

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 011/22**

**RFF - behandling:**

Leiar for rådet gjorde slikt framlegg:

"Rådet vil rá til at arrangementet har ein universell utforming slik at flest mogleg kan delteke.

Rådet vil rá til at ein undersøkjer korleis det er med tilkomst med båt til kaia på Hamre."

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**RF - vedtak:**

Rådet vil rá til at arrangementet har ein universell utforming slik at flest mogleg kan delteke.

Rådet vil rá til at ein undersøkjer korleis det er med tilkomst med båt til kaia på Hamre.

**Heradsstyret - 037/22**

**HS - behandling:**

Framlegg og votering i saka kjem fram av voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den komplette møteprotokollen.

**HS - vedtak:**

Osterøy bibliotek takkar nei til invitasjon til medlemsskap i Hamre kyrkjested – 1000 år.

Osterøy kommune takkar ja til invitasjon til meldemsskap i Hamre kyrkjested – 1000 år.

Herradsstyret vel 2 representantar + ein vararepresentant til styret.

Medlemskontingenten på kr 150.000,- for 3 år (kr 50.000,- pr år) vert dekka frå ramme for sektor for Oppvekst, Undervisning og Kultur.

**Saksopplysningar:**

## **Saksopplysningar:**

Osterøy bibliotek og Osterøy kommune har fått to likeeinse og separate invitasjonar til å teikne medlemsskap i «Hamre kyrkjestad – 1000 år».

Det er to formar for medlemsskap:

- Medlemsskap: Organisasjonen vert representert i styret med to representantar + ein vararepresentant . Medlemskontingenget er 50 000 per år.
- Samarbeidspartnar

## **Bakgrunn**

Hamre kyrkjestad fyller 1000 år, og ein har skipa ein prosjektorganisasjon for å markere jubileet i 2024. Markeringa skal ha fokus på «*det kulturhistoriske og praktisk/tekniske, og ikkje det religiøse, som sitt arbeidsdomene. Effektane av prosjektet vil vere auke kunnskap, involvering, samarbeid på tvers (private/offentlege/privatpersonar/organisasjonar/grupperingar/alder/osb.) og dimed knyte nye relasjonar til eit vidare friviljug arbeid.*

## **Vurdering**

Hamre kyrkjestad har hatt ein sentral plass i mange oistringar sine liv, over fleire generasjonar. Sjølv om det ikkje er satt av budsjettmidlar til dette, vurderer rådmannen at Osterøy kommune likevel bør teikne medlemsskap.

Osterøy bibliotek er ein del av Osterøy kommune, og ein finn det ikkje hensiktsmessig, verken organisatorisk eller økonomisk, at dei teiknar eige medlemsskap. Osterøy bibliotek kan etter førespurnad, stille med fagleg bistand som naturleg er ein del av deira mandat.

Folkehelse: Ikkje vurdert.

Miljø: Ikkje vurdert.

Økonomi: Det er ikkje satt av budsjettmidlar. Summen vi forpliktar oss til, er 150 000 over tre år. Samtidig er Hamre kyrkjestad ein viktig del av kulturarven på Osterøy, og rådmannen vurderer det er riktig å delta i prosjektorganisasjonen.

## **Konklusjon**

Rådmannen rår til at Osterøy kommune melder seg inn i prosjektorganisasjonen «Hamre kyrkjestad – 1000 år». Osterøy bibliotek er å rekne som ein del av dette.

Rådmannen rår til at heradsstyret vel 2 representantar + ein vararepresentant til styret.

Saka vert lagt fram for formannskapet for innstilling til heradsstyret